

NVE

Leikanger 06.06.2016

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## **Tilleggsuttale til 4 søknadar om småkraftutbygging i Fjaler, Sogn og Fjordane.**

### **Tjøredalselva og Svartefoss**

Alternativ 3 med Coandainntak, smal rørygate på 3-4 meter grunna duktive røyr og nedgravd kraftstasjon, der ein slepp allminneleg lågvassføring lik 5-persentilen og så nyttar 50 % av tilsiget er ein løysing vi finn akseptabel. Dette vil kunne ivareta landskapsverdiane på ein god måte.

I tillegg kan dette bli eit interessant referanseprosjekt der miljø- og landskapstilpassing vert vektlagt høgt og slik truleg med langt meir skånsame inngrep i landskapet enn ved bruk av meir tradisjonelle løysingar.

Svartefoss er synleg frå bilvegen inn dalen fram til utgangspunkt til eit lokalt friluftsområde.

Alternativ 3 vil sikre eit visst inntrykk av fossen og vil kunne styrke landbruksdrifta og skjøtsel av kulturlandskapet i området. FNF synfarte området på eiga hand 31.5.2016.

### **Yndestadhølen/Yndestadfossen**

Utbygginga vil redusere vassføringa på ein synleg del av Guddalsvassdraget sett frå bilvegen og frå Yndestadhølen. Utnyttingsgraden og nye inngrep i eit verna vassdrag som her meiner vi vil svekke verneformålet, og vi har ikkje endra standpunkt frå høyringsfråsegna vi sendte.

FNF synfarte området på eiga hand 31.5.2016.





Yndestadfossen 31.05.2016 Foto: Elisabeth Dahle

### Øyrafossen


Øyrafossen er eit svært godt synleg landskapselement i eit verna vassdrag, men synleg frå eit avgrensa område frå bilvegen. Fossefallet er høgt med stor inntrykksstyrke, særleg ved høg vassføring slik som på synfaringdagen. FNF synfarte området på eiga hand 31.5.2016.

Det er allereie nokre inngrep i skogslia vest for fossen og i elveleie nedstrøms fossen. Ei utbygging vil forsterke desse, særleg med røyrgate, framfor retningsstyrt boretunnel, og med veg vidare opp i den øvre og brattare delen av lia. Ein utnyttingsgrad på 25 % vil ivareta landskapsinntrykket av elva langt betre enn ei utnytting på 50%. Vi er uansett særst usikre på om graden av inngrepa totalt vil forsvare seg i høve verneformåla.





Øyrafossen 31.05.2016 Foto: Elisabeth Dahle



Der Øyrafossen slepp seg ut, nokre meter nedstrøms planlagt inntak. Foto: Elisabeth Dahle

### Lønnebotn

Ei grøn og frodig oase langs elva, eit eventyr for oppleving og undring for sansane. «Kva pengar ikkje kan betale for!...»



Den øvre del av elva der nærleiken til bilvegen er minst er meir triviell, enn frå det øvste fossefallet og nedstraums til planlagd kraftstasjon. Denne elvestrekninga var ei stor oppleving, der råme og fukt frå elva ser ut til å spele ei viktig rolle for mosar, lav og anna vegetasjon. Potensialet for funn av raudlisteartar overlet vi til fagkunnige å avgjere. For kommande generasjonar og som del av eit verna vassdrag meiner vi Lønnebotn er eit skattkammer for naturoppleving der redusert vassføring i særleg grad vil kunne redusere kvaliteten på området i tillegg til nye inngrep langs eit elles urørt elvefar. FNF synfarte området på eiga hand 31.5.2016.

Som ein viktig del av verneverdiane i Guddalsvassdraget meiner vi Lønnebotn kraftverk absolutt ikkje bør få konsesjon! Av omsyn til biologisk mangfald, landskap og opplevingsverdiar for kommande generasjonar.





Lønnebotn 31.05.2016 Foto: Elisabeth Dahle

Sakshandsamar hos oss er Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, [elisabeth@fnf-nett.no](mailto:elisabeth@fnf-nett.no),  
mob. 480 20 532

Med helsing

[SOGN OG FJORDANE TURLAG](#)

Sogn og Fjordane Turlag



v/ Ron Overdevest



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)

Heimeside:

[www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455